



## Sak 19-23 Referatsaker

### Tilråding til vedtak:

1. Styret tek referatsakene til vitande

### Saksutgreiing:

Desse referatsakene vart lagt fram på møtet:

- Endringar i IKS-lova er vedtekne.
  - o Les meir her:  
<https://www.samfunnsbedriftene.no/artikkel/stortinget-vedtok-endringer-i-iks-loven>
- Oppslag frå avisa Møre 25.05.2023 om flytting av renovasjonspunkt for fritidshus frå Sørheim (vedlagt).

Hans Peter Eidseflot

*Dagleg leiar*

# Flyttar avfallskonteinar etter misbruk

Grunna eit betydeleg misbruk frå andre enn dei som betalar for tenesta har Volda Ørsta reinhaldsverk (VØR) sett seg nøydd til å flytte den felles avfallskonteinaren for fritidseigedomar i krysset Sørheim/Steinnes.

– Vi har sendt ut varsel til abonnentane om kvar konteinaren no er flytta. Prinsippet for all hushaldsrenovasjon er at det er forureinaren som skal betale. Denne tenesta skal berre nyttast av dei som abonnerer for fritidshusrenovasjon og ikkje av andre, seier



\* – Sidan det er ei betalingstjeneste ønskjer vi ikkje at andre enn abonnentane skal gjere seg nytte av avfallskonteinane for fritidseigedommar, seier Hans Peter Eidseflot, dagleg leiar i VØR.

Hans Peter Eidseflot, dagleg leiar i VØR.

I fleire av VØR sine felles avfallskonteinar har dei observert eit mykje større volum enn venta, i tillegg til avfall som ein normalt ikkje forhind med vanleg hytteavfall.

– Dette gjeld til dømes rundballplast, noko ein kan levere gratis på Miljøstasjonen, men som er kasta i hyttekonteinaren for rein behaglegheit og komfort, fortel Eidseflot.

Den nye plasseringa til konteinaren er ei prøveordning ut året.

– Vi vil sjå kva slags løysing vi vel på sikt. Det er synd at det er nokre som øydelegg for abonnentane. Mykje av det andre som ikkje er abonnentar har kasta i konteinarene er ting som kan leverast gratis på miljøstasjonen, så det er nok folk sin eigen latskap som fører til at det har enda opp slik, seier Eidseflot.

## Kjeldesortering av fritidsavfall

Ifrå nyttår kom det nye nasjonale krav om tilbødet til renovasjon av avfall frå fritidseigedommar. Ein skal no òg ha moglegheit til å kunne kjeldesortere fritidsavfallet sitt.

– Med den nye avfallsforskrifta vil vi på sikt fase ut desse konteinarene som står rundt ved populære fritidsområde i Volda kommune og Ørsta kommune, seier Eidseflot.

I dag har VØR til saman utplassert tolv konteinare for fritidshus i Ørsta kommune og tretten i Volda kommune.

På Melsgjerdet og Folkestad er det sett opp anlegg for kjeldesortering for fritidsbustadar, og VØR arbeider no med å finne eigne løysingar for andre lokasjonar.

– Vi vil først og fremst sette



\* Etter at den felles avfallskonteinaren for fritidseigedomar i krysset Sørheim/Steinnes vart flytta, har det likevel blitt kasta avfall der konteinaren brukte å stå. – Det er veldig synd og trasig at folk gjer slik. Miljøstasjonen er lett tilgjengeleg, og ein stad folk definitivt burde klare å levere avfallet sitt til, seier Hans Peter Eidseflot, dagleg leiar i VØR, då han fekk høyre om forsøplinga. (Foto: Privat)

opp stasjonar ved dei hentepunkta der det er størst volum og flest brukarar. Harevadet i Hornindal og Bondalseidet i Ørsta er to plassar som vi ser på som veldig aktuelle for å gjere endringa på i første omgang, fortel Eidseflot.

I det nye systemet vil VØR søke å hindre at det vert mykje lengre avstand for abonnentane

enn i dag, samtidig som dei vil balansere det opp i mot hentekostnadane.

– Vi søker å finne dei lokasjonane som er best eigna og tenleg for dei fleste, seier Eidseflot.

✉ KASPAR F. SELVIK

IOGT Region Midt-Norge har verva mange nye medlemmar